

11 JUN 2012

11 / 764 - 100

Møre og Romsdal
fylkeskommuneDet kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		33745/2012/058	Øivind Schanche, 71 25 88 54	31.05.2012

Høyringsuttale - forslag til endringar i lov om folkebibliotek

Vedtak i fylkesutvalet i Møre og Romsdal – 21.05.2012

Møre og Romsdal fylkeskommune støttar lovendringsforslaget med følgjande grunngjevingar og kommentarar:

Lovforslaget held fast på det viktige gratisprinsippet og inkluderer biblioteka sitt formidlingsansvar og møteplassfunksjon. Dette er viktige signal og set standard for kva kommunane skal tilby sine innbyggjarar.

Lova slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek, men opnar for fleksible løysingsmodellar, noko som kan vere svært relevant i små kommunar med avgrensa ressursar.


Kravet om fagutdanna biblioteksjef står fast, men bortfallet av den tidlegare dispensasjonsordninga viser ei meir offensiv haldning til kompetanse og skjerpar kravet til kommunane om å finne løysingar.

Ei fjerning av pålegget til fylkeskommunane om å ha fylkesbibliotek som eigne institusjonar er ein konsekvens av utviklinga for den regionale bibliotektenesta og flyttar fokus frå institusjon til oppgåveløysing. Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer eit regionalt bibliotekledd som svært sentralt for bibliotekutviklinga i fylket og ønskjer sjølv å ta stilling til korleis ein organiserer dette.

Med helsing



Jon Aasen
Fylkesordførar



Arvid Blindheim
fylkeskultursjef